

Til Norges Bank

01.03.2022

Tilråding om å utelukke Young Poong Corp frå Statens pensjonsfond utland

Samandrag

Etikkrådet tilrår å utelukke selskapet Young Poong Corp frå Statens pensjonsfond utland (SPU) på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet er ansvarleg for eller medverkar til alvorleg miljøskade.

Selskapet er notert på børsen i Sør-Korea. Ved utgangen av 2020 var SPU si investering i selskapet NOK 18,8 mill., tilsvarande 0,24 prosent av aksjane.

Young Poong eig og driv Seokpo-smelteverket i Sør-Korea som starta produksjon i 1970. Som følge av ei rekke utvidingar er anlegget i dag eit av verdas største innan produksjon av sink. Årleg produksjon ved smelteverket er om lag 400 000 tonn sink, 728 000 tonn svovelsyre, 1 830 tonn koparsulfat, 3 000 tonn elektrolytisk koparkatode, 100 tonn indium, og 46 000 tonn sølvhaldig biprodukt.

Det har i ei årrekke vore fremma skuldingar om alvorleg ureining og miljø- og helseskade frå Seokpo-smelteverket. Slike skuldingar er framsett av lokalbefolkning, arbeidarar ved anlegget, frivillige organisasjonar, forskarar og myndigheiter. Studiar viser at det er langvarig og pågåande alvorleg ureining som kan knytast til smelteverket, inkludert utslepp til luft av ulike tungmetall (t.d. kadmium, sink, bly, arsen) og svoveldioksid (SO₂). Regelmessige utslepp av ureina vatn frå anlegget under ordinær drift samt enkeltuhell resulterer og i ureining frå tungmetall (t.d. kadmium, sink, bly, kopar), fluor og selen i Nakdongelva som renn like ved anlegget, og som også er drikkevasskjelde. Nyare undersøkingar viser at ureininga vedvarer.

Ureining av jordsmonnet er omfattande, og omkringliggende areal har høge verdiar for metall som arsen, kadmium, sink, bly, kopar og kvikksølv. Helseskadelege tilhøve for arbeidarar på grunn av støv med metall samt gassar ved smelteverket har ført til sjukdom hos tilsette.

Selskapet har i ei årrekke fått mange pålegg frå myndigheitene om tiltak og midlertidig nedstenging inntil utbetringar er gjennomført, samt bøter, som dels har blitt utfordra rettsleg av selskapet. Selskapet får stadig nye pålegg. Ein leiar i selskapet og tilsette i eit firma som støttar selskapet i miljøovervaking, er dømt til fengselsstraff for omfattande manipulering av måledata der verdiar for luftkvalitetsparametrar som låg langt over nasjonale grenseverdiar og internasjonale standardar, vart endra for å syne verdiar som låg langt under desse grenseverdiane.

Selskapet har ikkje svart på brev eller spørsmål frå Etikkrådet og heller ikkje kommentert på eit utkast til tilråding om utelukking.

Etikkrådet legg til grunn at selskapet er ansvarleg for eller medverkar til langvarig og omfattande ureining og miljø- og helseskade. Ureining av luft, vatn og jordsmonn ligg langt over nasjonale grenseverdiar og internasjonale standardar. Til tross for at selskapet har hatt lang tid til å iverksette skadereduserande tiltak, synes selskapet ikkje å ha gjennomført tiltak som i vesentleg grad reduserer verken den pågåande ureininga eller historisk akkumulert ureining i omkringliggende område. Selskapet sine gjentatte og vedvarande normbrot utan at verknadsfulle tiltak vert sett i verk, gjer at Etikkrådet vurderer risiko for framtidig ureining og alvorleg miljøskade som uakseptabel.

Innhald

1	Innleiing	1
	1.1 Kva Etikkrådet har vurdert	1
	1.2 Kjelder	2
2	Bakgrunn	2
	2.1 Seokpo-smelteverket	2
3	Miljøskade	4
	3.1 Ureining av vassdrag	4
	3.2 Ureining av luft	6
	3.3 Ureining av jord	6
	3.4 Helseverknadar	6
	3.5 Pålegg frå myndigheiter	7
4	Informasjon frå selskapet	9
5	Etikkrådet si vurdering	9
6	Tilråding	10

1 Innleiing

Etikkrådet har vurdert Statens pensjonsfond utland (SPU) si investering i selskapet Young Poong Corp¹ opp mot retningslinjene for observasjon og utelukking av selskap frå Statens pensjonsfond utland (dei etiske retningslinjene).² Rådet har vurdert selskapet sitt Seokpo-smelteverk i Sør-Korea og den ureining og miljø- og helseskade som forårsakast ved drifta av dette anlegget.

Young Poong Corp er ein av verdas største sinkprodusentar. Selskapet er notert på børsen i Sør-Korea, og ved utgangen av 2020 var SPU si investering i selskapet NOK 18,8 mill., tilsvarande 0,24 prosent av aksjane. Selskapet eig og driv Seokpo-smelteverket som mellom anna produserer sink, og er del av eit sør-koreansk konglomerat (Young Poong Group) med aktivitet innan mellom anna gruvedrift, metallproduksjon, elektronikk og sal av bøker.

1.1 Kva Etikkrådet har vurdert

Etikkrådet har vurdert om det er ein uakseptabel risiko for at Young Poong Corp gjennom drifta av Seokpo-smelteverket medverkar til eller er ansvarleg for alvorleg miljøskade etter § 4, første ledd bokstav e i dei etiske retningslinjene. Rådet har særleg vurdert utslepp av miljø- og helseskadelege stoff til luft, vatn og jord frå smelteverket. Hovudvekta er lagt på ureining av Nakdongelva som renn like ved smelteverket og er ei av dei lengste elvane i landet.

I vurderingar av alvorleg miljøskade legg Etikkrådet normalt vekt på om:

- skaden er stor,
- skaden medfører irreversible eller langsiktige verknadar,
- skaden har store negative konsekvensar for menneske sine liv og helse,
- skaden er eit resultat av brot på nasjonale lover eller internasjonale normer,
- selskapet har unnlate å handle for å hindre skade,
- selskapet har gjennomført tiltak for å rette opp skadeomfanget i tilstrekkeleg grad,
- det er truleg at selskapet sin uakseptable praksis vil halde fram.

Informasjon om utslepps nivå og ureiningssituasjonen er samanlikna med nasjonale standardar der det er vist til slike i tilgjengeleg dokumentasjon. Internasjonale standardar, til dømes grenseverdier definert av Verdas helseorganisasjon (WHO), er også brukt som samanlikningsgrunnlag i tilrådinga.

Grunna manglande datagrunnlag, har rådet i lita grad kunne vurdere helseskadelege arbeidstilhøve og skuldingar om alvorleg helseskade hos tilsette eller tidlegare tilsette ved smelteverket. Dette er likevel kort omtalt i kap. 3.4 under.

Rådet si vurdering av framtidig risiko vert også påverka av tilgjengeleg informasjon om selskap si åtferd. Rådet legg i denne samanheng vekt på fråsegner i fleire stortingsmeldingar der det går fram at mangel på informasjon, særleg når selskapet ikkje er villig til å dele informasjon, kan medverke til at risikoen vert vurdert til å vere uakseptabel.

¹ Issuer ID: 129482.

² Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland (<https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2014-12-18-1793>).

1.2 Kjelder

Tilrådinga er i hovudsak basert tidsskriftartiklar identifisert gjennom søk i vitenskaplege tidsskriftdatabasar og nyheitsoppslag i Sør-Korea og internasjonalt.

Selskapet synes ikkje å publisere informasjon om miljø- og helseaspekt knytt til Seokpo-smelteverket på si engelske heimeside.

Etikkrådet har bedt Young Poong om informasjon om smelteverket og seinare kommentarar på utkast til tilråding om utelukking, men selskapet har ikkje svart.


2 Bakgrunn

2.1 Seokpo-smelteverket


Seokpo-smelteverket i austlege Sør-Korea (sjå figur 1) starta produksjon i 1970. Anlegget har gjennom ei rekke utvidingar blitt eit av verdas største for produksjon av sink. Seokpo-smelteverket vart etablert i dette området grunna nærleiken til den største bly- og sinkgruva i Sør-Korea på det aktuelle tidspunktet, Yeonhwa-gruva, som vart stengt i 1998. Kjeldene til forsyning av malm i dag er ikkje spesifisert i dokumentasjonen Etikkrådet har hatt tilgang til.

Smelteverket produserer sinkbarrar ved hjelp av elektrolyse der malm smeltast for seinare å isolere metallet. Smelteverket består mellom anna av tre fabrikanlegg. Årleg produksjon ved smelteverket er i dag om lag 400 000 tonn sink, 728 000 tonn svovelsyre, 1 830 tonn koparsulfat, 3 000 tonn elektrolytisk koparkatode, 100 tonn indium og 46 000 tonn sølvhaldig biprodukt. Sink frå smelteverket brukast mellom anna i produksjon av stål, bilar, elektronikk, og i byggematerialar.

Smelteverket ligg høgt oppe i nedbørfeltet til Nakdongelva (sjå figur 1), ei av dei fire største elvane i Sør-Korea, som betyr at vassureining frå smelteverket bidreg til ureining for mange menneske og tap av naturmangfald i elvar og innsjøar nedstrøms. Lenger nede i nedbørfeltet renn elva også gjennom storbyar som Daegu og Busan, som også vil vere kjelder til ureining i nedre del av nedbørfeltet. Alle studiane i tilrådinga gjeld øvre del av nedbørfeltet, i den regionen smelteverket ligg. Det synes å bu i overkant av 2 000 personar i nærleiken av smelteverket (Seokpo-Myeon), sjå figur 2 under.



Figur 1: Lokalisering av Seokpo-smelteverket aust i Sør-Korea og indikativ lokalisering av Nakdongelva som renn sørover til utløpet i havet ved storbyen Busan (indikert med blå linje).



Figur 2: Lokalisering av Seokpo-smelteverket og nærmast by (Seokpo-Myeon). Fjellsidene omkring smelteverket bidreg til at luftureining blir "fanga" i dalføret der det bur folk.

3 Miljøskade

Smelteverk produserer metall frå malm, og malmen inneheld ofte fleire typar metall enn det som primært utvinnast. Førekost av fleire metall i malmen resulterer ofte i fleire typar ureining, inkludert utslepp av tungmetall under elektrolyse. Slik ureining kan vere særleg skadeleg sidan metall kan ha langvarige negative effektar fordi dei blir verande i miljøet i lang tid og kan akkumulere i organismar, inkludert i menneske. Den kombinerte effekten grunna samvirka av ulike typar metallureining kan også vere større enn effekten frå ein type ureining. Metallureining i jordsmonn og vassdrag akkumulert over tid kan krevje omfattande oppryddingsarbeid.

Produksjonen av sink ved Seokpo resulterer mellom anna i utslepp av bly og kadmium i tillegg til sink. Vedvarande eksponering for bly kan skade blodsystemet, nervesystemet og nyrer. Kadmium er klassifisert som kreftframkallande og kan akkumulere i beinbyggnad og resultere i kroniske helseskadar, inkludert nyresvikt. Slik metallureining kan også ha negative konsekvensar på andre organismar. Prosesseringa ved Seokpo-smelteverket inneber mellom anna stort forbruk av svovelsyre som også representerer ein miljø- og helserisiko.

3.1 Ureining av vassdrag

Seokpo-smelteverket ligg like ved Nakdongelva (sjå figur 3). Regulære utslepp av avlaupsvatn samt uhell med ekstraordinære utslepp har resultert i utslepp av ei rekke miljø- og helseskadelege stoff i elva. Ureininga inkluderer høge verdiar av ulike metall (t.d. bly, kadmium, sink, kopar), fluor og selen samt uhell med utslepp av svovelsyre³ og anna ureining.⁴

Analyse og studie av over 30 vassprøver frå øvre del av Nakdongelva og sideelvar i nærleiken av gruver tatt i oktober 2015, konkluderte med at vassprøver med høge konsentrasjonar av sulfat, mangan, kopar, sink, kadmium og bly, i hovudsak var frå området ved Seokpo-smelteverket.⁵ Eit anna sett vasskvalitetsprøver, tatt i september 2016 på sju lokalitetar i Nakdongelva oppstraums og nedstraums Seokpo-smelteverket, påviste ikkje sink i vatnet oppstraums smelteverket, men i lokalitetane nedstraums smelteverket. Desse undersøkingane viste også samanheng mellom høge konsentrasjonar av sink og unormale karaktertrekk (morfologiske abnormalitetar) hos mikroalgar (diatom) samt dominans av metalltolerante algar nedstraums smelteverket.⁶

³ Artikkel hos det koreanske nyheitsbyrået Newsis, 1. desember 2014:

https://newsis.com/view/?id=NISX20141201_0013328247 (original på koreansk)

⁴ Artikkel på den koreanske nyheitsnettsida OhmyNews, 2. mars 2018: <https://bit.ly/3nvYarF> (original på koreansk)

⁵ Kim, J., Choi, H.B., Choi, U., Yang, I.J., Ryu, J.S. & Lee, J. (2020). Assessments of natural and anthropogenic influences on water chemistry in the upper Nakdong River, South Korea. *Environmental Forensics*, 21(1), 59-70. <https://doi.org/10.1080/15275922.2019.1694097>

⁶ Shin, R.Y., Ryu, H.S. & Lee, J.H. (2017). Influence of Heavy Metal (Zn) Inflow on Species Composition and Morphological Abnormalities of Epilithic Diatom in the River. *Journal of Korean Society on Water Environment*, 33(4), 424-433. <https://doi.org/10.15681/KSWE.2017.33.4.424>



Figur 3: Seokpo-smelteverket like ved Nakdongelva (kjelde: Google Earth, satellittbilde frå oktober 2018).

Ureining av Nakdongelva er rapportert å ha negative konsekvensar for liv i vatnet og for folk nedstrøms, både dei regulære utsleppa og uhell. Til dømes resulterte eit utslepp av 200 l svovelsyre i 2014 i fiskedød i Nakdongelva.⁷ I 2017 vart det rapportert at Miljødepartementet hadde funne tungmetallnivå i fisk som var 10-12 gongar høgare enn grenseverdiane, på same tid som selskapet vart skulda for å ha bygd ei tredje eining på smelteverket på ulovleg vis.⁸ I 2017 vart omfattande fiskedød i eit vasskraftmagasin nedstrøms (Andong Inha Dam) påstått å vere knytt til ureining frå smelteverket.⁹ Lokale myndigheiter (Andong City Council) kravde i 2017 at anlegget skulle stengast grunna tungmetallureining av Nakdongelva, og hevda at anlegget hadde ureina vassdraget sidan oppstart i 1970.¹⁰ Nyheitsoppdrag i 2019 rapporterte at Miljødepartementet hadde målt tungmetallnivå opp til 1 600 gongar høgare enn grenseverdiane for vatn i bekkar ved anlegget, at fisk var ureina av 11 ulike tungmetall,¹¹ at utslepp av kadmium hadde resultert i at kadmiumnivået i Nakdongelva var over 4 500 gongar

⁷ Artikkel hos det koreanske nyheitsbyrået Newsis, 1. desember 2014:

https://newsis.com/view/?id=NISX20141201_0013328247 (original på koreansk)

⁸ Artikkel på den koreanske nyheitsnettsida OhmyNews, 3. september 2017: <https://bit.ly/3vE1Bjt> (original på koreansk)

⁹ Artikkel hos den daglege koreanske avisa Kyunghyang Shinmun, 12. juli 2017:

<https://www.khan.co.kr/national/national-general/article/201707121123001> (original på koreansk)

¹⁰ Nyheitsoppdrag hos den koreanske avisa Kyongbuk Ilbo, 22. mars 2017:

<http://www.kyongbuk.co.kr/news/articleView.html?idxno=988369> (original på koreansk)

¹¹ Artikkel hos den daglege koreanske avisa Kyunghyang Shinmun, 21. november 2019: <https://bit.ly/3nh89R9> (original på koreansk)

grenseverdien, og grunnvatn inne på anleggsområdet (som lekk ut i elva) hadde kadmiumnivå på fleire hundre tusen gonger grenseverdien for Nakdongelva.^{12, 13}

3.2 Ureining av luft

Etikkrådet har funnet lite dokumentasjon av målingar av luftkvalitet kring Seokpo-smelteverket. Selskapet er skulda for skadelege utslepp til luft av ulike tungmetall (t.d. kadmium, sink, bly, arsen) og svoveldioksid (SO₂) som dels representerer helseskadeleg luftkvalitet for folk og natur i nærområdet, dels ureinar jordsmonn og vatn og resulterer i skade på vegetasjon. Bilete frå området indikerer skade på vegetasjon i nærleiken av smelteverket, men satellittbilete indikerer ikkje vidtrekkande skogdød.

Ein studie publisert i 2021 viser til åtte tidlegare luftkvalitetsprøvar med bly- og kadmiuminnhald i fire lokalitetar ved smelteverket, der nokre av prøvene viste blyinnhald over den sør-koreanske grenseverdien på 0,5 µg/m³.¹⁴ I ein studie frå 2014¹⁵ vart det påvist kadmiumkonsentrasjonar i lufta nær smelteverket 6-7 gonger høgare enn grenseverdiene sett av Verdas helseorganisasjon, WHO (0,005 µg/m³).

3.3 Ureining av jord

Etikkrådet har også funne lite dokumentasjon av målingar av jordureining kring smelteverket. Medieoppslag viser til eldre studiar (2013 og 2014) som viste ureining av jordsmonn opp til 4 km frå anlegget med arsen, kadmium, sink, bly og kopar.¹⁶ Ein studie frå 2016 med jordprøver frå 448 lokalitetar innan ein radius på 4 km frå smelteverket viste ureining over sør-koreanske grenseverdiar for jordureining for bly, kadmium og sink i høvesvis 9, 59 og 219 lokalitetar.¹⁷ Nasjonale overvakingsdata for kvikksølv i perioden 1997-2016 har vist at området ved Seokpo-smelteverket er det området i Sør-Korea med konsistent høgast kvikksølvnivå i jordsmonnet.¹⁸

3.4 Helseverknadar

Skuldingar om negative konsekvensar for folk si helse er fremma ved ei rekke høve, både for arbeidarar ved smelteverket og folk i nærområda. Mellom anna bõtela regionale myndigheiter (Daegu Regional Ministry of Employment and Labour) Seokpo-anlegget med totalt KRW 150

¹² Artikkel hos det koreanske nyheitsbyrået Newsis, 23. november 2021:

https://newsis.com/view/?id=NISX20211123_0001660953 (original på koreansk)

¹³ Artikkel hos den daglege koreanske avisa Dong-a Ilbo, 8. oktober 2020:

<https://www.donga.com/news/Society/article/all/20201008/103306126/1> (original på koreansk)

¹⁴ Korea Ministry of Environment (2016). *Survey of Environmental Effects in the Region Surrounding Seokpo Zinc Smelter*. Korean Ministry of Environment: Sejong. (referert i Jo, H.J., Kim, G.B., Chang, J.Y., Lee, K., Lee, C.W., & Lee, B.E. (2021). Chronic Exposure to Lead and Cadmium in Residents Living near a Zinc Smelter. *International Journal of Environmental Research and Public Health*, 18, 1731. <https://doi.org/10.3390/ijerph18041731>).

¹⁵ Environment and Labor Committee (2014). *State of Heavy Metal Pollution by Young Poong Seokpo Smelter*. Environment and Labor Committee: Seoul. (referert i Jo m.fl (2021), sjå full referanse over).

¹⁶ Artikkel på den koreanske nyheitsnettsida Nate, 23. mai 2017:

<https://news.nate.com/view/20170523n02426?mid=n0308> (original på koreansk)

¹⁷ Korea Ministry of Environment (2016). *Survey of Environmental Effects in the Region Surrounding Seokpo Zinc Smelter*. Korean Ministry of Environment: Sejong. (referert i Jo m.fl. (2021), sjå full referanse over).

¹⁸ Kim, P.R., Kim, D.Y. & Han, Y.J. (2019). A Review for Long-Term Trend and Spatial Distribution of Soil Mercury Concentration in South Korea. *Journal of Korean Society of Environmental Engineers*, 41(6), 346-355. <https://doi.org/10.4491/KSEE.2019.41.6.346>

mill. i desember 2014 og kravde tiltak for 327 brot på regelverket for arbeidstilhøve. Fleire arbeidarar hadde dei seinare åra blitt diagnostisert med helseproblem knytt til arbeidsplassen. Målingar knytt til eksponering for svovelsyre og kadmium på arbeidsplassen var høvesvis 252 prosent og 146 prosent over grenseverdiane.¹⁹

I 2017 viste ein studie at innbyggjarar nær anlegget hadde høge nivå av arsen og kadmium i kroppen (over internasjonale standardar), og desse klaga over ulike helseplager (t.d. problem med nyrer, lever, og allergi).²⁰ Ein studie publisert i 2021 omfatta 549 personar i nærleiken av smelteverket (< 3 km frå anlegget) og viste høgt blynivå i blodet (gjennomsnitt 4,19 µg/dl) samanlikna med kontrollgruppa på 265 personar lenger vekk (> 30 km frå anlegget) frå smelteverket (gjennomsnitt 2,70 µg/dl). Begge gruppene hadde verdiar over gjennomsnittet for tilsvarende aldersgruppe i Sør-Korea (1,89 µg/dl).²¹

Nivået av kadmium i urinen hos personar nær anlegget (gjennomsnitt 1,32 µg/dl) var vesentleg høgare enn hos personar i kontrollområdet lenger vekk (gjennomsnitt 0,80 µg/dl).²² Studien konkluderer, også etter å ha vurdert potensielle bakanforliggende faktorar som kjønn, alder, røyking og kvar personane hadde vore busett historisk, med at smelteverket forårsakar ureining av bly og kadmium og helserisiko for lokalbefolkninga, og at tiltak bør gjennomførast for å redusere helserisiko.

3.5 Pålegg frå myndigheiter

Myndigheiter på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå har i ei årrekke gjeve pålegg som i lita grad synes å vere følgt opp av selskapet. I enkelte tilfelle har selskapa utfordra pålegg juridisk, i andre tilfelle har selskapet betalt bøter og deretter tilsynelatande halde fram som før, i nokre tilfelle utan å respondere på pålegg.

I 2018 påla provinsmyndigheitene (North Gyeongsang Province) til dømes ein midlertidig stopp i 20 dagar (juni 2018) grunna gjentatte brot på regelverket og bøter over fleire år.²³ Same år fekk selskapet kritikk for å utfordre pålegg juridisk og om nødvendig betale bøter for ureining, men likevel halde fram som før heller enn å ta tak i dei underliggende problema.²⁴

Påfølgande år, i 2019, vart selskapet på grunn av ureining pålagt å stenge den delen av produksjonsanlegget som produserer kadmium.²⁵ I april 2019 avdekka inspeksjonar av Miljødepartementet mellom anna 52 ulovlege grunnvassbrønner ved anlegget, ulovleg lagring av avfallsvatn og andre brot på regelverk. Provinsmyndigheitene (North Gyeongsang Province) påla deretter anlegget å stoppe drifta i fire månadar, noko selskapet anka.²⁶ Lokale

¹⁹ Artikkel hos det koreanske nyheitsbyrået Newsis, 1. desember 2014:

https://newsis.com/view/?id=NISX20141201_0013328247 (original på koreansk)

²⁰ Artikkel hos det koreanske nyheitsbyrået NSP, 6. april 2017:

<http://www.nspna.com/news/?mode=view&newsid=216555> (original på koreansk)

²¹ Jo m.fl. (2021). Sjå over for full referanse.

²² Jo m.fl. (2021). Sjå over for full referanse.

²³ Artikkel hos den daglege koreanske avisa Hankyoreh, 5. april 2018:

<https://www.hani.co.kr/arti/society/area/839260.html?fr=mt2> (original på koreansk)

²⁴ Artikkel hos den daglege koreanske avisa Hankyoreh, 27. august 2018:

<https://www.hani.co.kr/arti/society/environment/859331.html?fr=mt2> (original på koreansk)

²⁵ Artikkel hos den daglege koreanske avisa Maeil Business Newspaper, 30. mai 2019:

<https://www.mk.co.kr/news/society/view/2019/05/368031/> (original på koreansk)

²⁶ Artikkel på den koreanske nettstaden Newsmin, 6. august 2019:

<https://www.newsmin.co.kr/news/40929/?ckattemp=1> (original på koreansk)

myndigheiter sørge aldri for at nedstenginga vart gjennomført.²⁷

Seinare i 2019 vart sju leiarar og tilsette i selskapet tiltalt for å manipulere måledata for utslepp.²⁸ Jukset skal ha skjedd mellom januar 2016 og mai 2019, og tilsette ved anlegget skal ha bedt tilsette i eit analysefirma, som var involvert i overvakinga av utslepp til luft, å slette bevis for manipuleringa. Jukset omfatta mellom anna målingar av arsen og svoveldioksid. Manipulasjon medførte mellom anna at selskapet unngjekk bøter. Analysefirmaet var skulda for å ha manipulert eit stort tal målingar også for andre selskap.²⁹ Tiltalen mot Young Poong-tilsette omfatta manipulering av utsleppsdata til luft ved 1,868 målingar i perioden 2016-2019.³⁰ Til dømes vart verdiar for arsenmålingar redusert til mindre enn 1/1 400 enn dei reelle målingane, som var 19 gongar høgare enn grenseverdien.³¹ Seinare i 2019 vart ein leiar ved smelteverket dømd til fengselsstraff i eitt år og to månadar, mens tilsette i to firma som synes å ha gjeve bistand i overvaking, fekk fengselsstraff på vilkår for å manipulere luftmålingar.

Tidleg i 2020 bad påtalemyndigheita om at retten (Daegu District Court) gav lenger fengselsstraffer for leiaren ved smelteverket og tilsette i firma som hjalp til med overvaking og manipulasjon av måledata,³² men straffa for systematisk manipulering av data vart redusert for ein leiar i selskapet frå 14 til 8 månadar fengselsstraff.^{33, 34} Tidleg i 2022 rapporterte media om etterforsking av administrerande direktør (CEO) for Young Poong grunna ulovlege utslepp frå Seokpo-smelteverket.³⁵

Pålegg frå provinsmyndigheitene i 2021 om midlertidig å stoppe anlegget på grunn av ulovleg utslepp av ureina vatn vart utfordra av selskapet.³⁶ Vedtaket om at smelteverket måtte stenge i perioden 1. april – 31. mai 2021 vart hevda å ville påverke verdsmarknaden for sink,³⁷ og tapet for selskapet ved ein 60 dagar stopp kunne bli 1,3 milliardar USD.³⁸ Det synes ikkje som ein større nedstenging vart gjennomført. Seinare fekk selskapet eit nytt pålegg frå provinsmyndigheitene om midlertidig nedstenging i 10 dagar i november 2021.³⁹

²⁷ Artikkel hos den daglege koreanske avisa Kyunghyang Shinmun, 21. november 2019: <https://bit.ly/3nh89R9> (original på koreansk)

²⁸ Artikkel hos den koreanske avisa Maeil Shinmun, 8. august 2019: <https://news.imaeil.com/page/view/2019080814332223273> (original på koreansk)

²⁹ «Environment ministry sues Young Poong smelter for fudging emission data». Artikkel i *The Korea Times*, 31. juli 2019. Tilgjengeleg på: https://www.koreatimes.co.kr/www/nation/2020/06/371_273131.html

³⁰ Artikkel hos den koreanske avisa Maeil Shinmun, 1. oktober 2019: <https://news.imaeil.com/page/view/2019100115053667702> (original på koreansk)

³¹ Artikkel på den koreanske nyheitsnettsida OhmyNews, 27. april 2020: <https://bit.ly/3m8oOHD> (original på koreansk)

³² Artikkel på den koreanske nettstaden Newsmin, 8. januar 2020: <https://www.newsmin.co.kr/news/44480/> (original på koreansk)

³³ Artikkel hos det koreanske nyheitsbyrået Newsis, 14. februar 2020: https://newsis.com/view/?id=NISX20200214_0000919846 (original på koreansk)

³⁴ Artikkel på den koreanske nyheitsnettsida OhmyNews, 27. april 2020: <https://bit.ly/3m8oOHD> (original på koreansk)

³⁵ Artikkel hos det koreanske nyheitsbyrået Yonhap New Agency, 25. januar 2022: <https://m.yna.co.kr/amp/view/AKR20220125033700053> (original på koreansk)

³⁶ Artikkel hos den koreanske avisa NewsPim, 23. januar 2021: <https://www.newspim.com/news/view/20210122001004> (original på koreansk)

³⁷ «Youngpoong mulls legal appeal against Seokpo zinc smelter shutdown order». Artikkel hos Reuters, 6. januar 2021. Tilgjengeleg på: <https://www.reuters.com/article/us-youngpoong-zinc-idUSKBN29B0SG>

³⁸ «Youngpoong Corp, led by CEO Lee Gang-yin, is faltering from a \$1.3 billion loss in revenue». Artikkel hos Global Economic News, 20. januar 2021. Tilgjengeleg på: https://en.g-enews.com/view.php?ud=202101201316429069e8b8a793f7_9

³⁹ Artikkel hos den daglege koreanske avisa Financial News, 19. oktober 2021: <https://www.fnnews.com/news/202110191055474977> (original på koreansk)

4 Informasjon frå selskapet

Etikkrådet har sendt brev med spørsmål til selskapet og seinare utkast til tilråding om utelukking, men har ikkje mottatt noko svar eller kommentarar frå selskapet.

Selskapets har ingen informasjon om miljøtilhøve på si engelske heimeside.

5 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har på grunnlag av tilgjengeleg informasjon vurdert om det er ein uakseptabel risiko for at Young Poong Corp er ansvarleg for eller medverkar til alvorleg miljøskade.

Etikkrådet legg til grunn at selskapet er ansvarleg for langvarig og omfattande ureining, inkludert utslepp av ei rekke metall til vatn, luft og jord. Slike utslepp av metall vil bli verande i miljøet og organismar i lang tid, noko som har negative konsekvensar for arbeidarar og lokalbefolkninga si helse og miljøet i lang tid framover. Rådet legg vekt på at ureiningsnivåa er over nasjonale og internasjonale grenseverdier for ulike metall som er påvist i vatn, jord og luft omkring smelteverket og at helseskadelege nivå av metall også er påvist i blod og urin til personar som bur i nærområdet. Dette indikerer at selskapet sin aktivitet har vidtrekkande, langvarige negative konsekvensar både for miljø og menneske.

Selskapet eig og driv smelteverket og har vore direkte ansvarleg for utsleppa og miljøskaden sidan 1970. Ureininga har vedvart i fleire tiår. Truleg stamma ureining opphavelig også frå ei stor sinkgruve i nærleiken. Denne vart avvikla for over 20 år sidan, og smelteverket er i dag truleg den viktigaste kjelda til den alvorlege ureininga.

Rådet merkar seg at selskapet tidlegare har fått, og framleis får, hyppige pålegg frå myndighetene om utbetringar, inkludert stopp i produksjon og utslepp inntil tilstrekkelege tiltak er gjennomført. Slike midlertidige nedstengingar for å gjere utbetringar ved anlegget synes i svært lita grad å vere gjennomført. Selskapet har hatt lang tid til å iverksette skadereduserande tiltak, men synes ikkje å ha gjennomført tiltak som i vesentleg grad reduserer ureining og miljø- og helseskade. Vidare merkar Etikkrådet seg at ein leiar i selskapet har blitt dømd til fengselsstraff for å forfalske måledata med den hensikt å framstille utsleppsverdier som ligg langt over grenseverdiane, som verdier godt innanfor regelverket. Manipulasjonen av måledata har pågått i ei årrekke, og selskapet har på denne måten redusert bøter og andre pålegg.

Rådet legg også vekt på at selskapet ikkje har bidrege til å opplyse saka. Når selskapet ikkje svarar, føreligg det heller ingen informasjon som indikerer at selskapet vil endre sin praksis.

Selskapet sine gjentatte normbrot og manglande tiltak for å redusere utslepp gjer at Etikkrådet vurderer risikoen for framtidig ureining og miljøskade som stor. Selskapet har ei lang historie med både med utslepp frå regulær drift og uhell. Det føreligg ikkje informasjon som tilseier at tiltak er gjennomført eller planlagt for å avbøte langvarige skadar frå ureining akkumulert over lang tid i jordsmonn og sediment i vassdrag.

Etikkrådet konkluderer difor med at det er ein uakseptabel risiko for at Young Poong Corp er ansvarleg for eller medverkar til alvorleg miljøskade.

6 Tiltrådning

Etikkrådet tilrår å utelukke Young Poong Corp frå Statens pensjonsfond utland.

Johan H.
Andresen
Leder

(Sign.)

Svein Richard
Brandtzæg

(Sign.)

Cecilie
Hellestveit

(Sign.)

Trude
Myklebust

(Sign.)

Siv Helen Rygh
Torstensen

(Sign.)